# Kulturkalenderen – Februar 2011

surnadal kulturhus

**Salg av billettar i resepsjonen på kulturhuset.**
**Alle dagar – 24.t. – tlf. 71 65 71 00**
**Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08**
**Billettsalg på nett: www.surnadal-kulturhus.no**



BYGDAKVELD



ENRON



KLYPA



KIN ROCK

VÅRSØG HOTELL
SURNADAL
www.varsog-hotell.no



# På Kino




## TRON: LEGACY

*Sci-fi  2 t. 05 min.  7 år*

Tron: Legacy er eit grensesprengande eventyr om den fantastiske digitale verda TRON, ulikt noko som tidlegare er vist på lerretet. Når Sam undersøker eit mystisk signal som blir sendt frå gamle Flynns Arcade, eit signal som berre kan kome frå far hans, finn han seg sjølv i ei digital verd kor faren har vore fanga i 20 år. Med hjelp frå den fryktlause krigaren Quorra, legg far og son ut på ei reise på liv og død gjennom eit visuelt fantastisk cyberunivers, eit univers laga av Kevin sjølv som har vorte langt meir avansert og med kjøretøy, våpen, landskap og med en nådelaus skurk som ikkje skyr noko for å hindre flukta deira.




## THE SOCIAL NETWORK

*Drama  2 t. 01 min.  Alle*

Kritikarrost film om historia bak fenomenet Facebook. Ein haustkveld i 2003 sett Harvardstudenten og dataprogrammeringsgeniet Mark Zuckerberg seg ved computeren og byrjar ivrig å arbeide med ein ny idé. I ein storm av blogging og programmering blir det som startar på internatrommet til eit globalt nettverk og ein revolusjon innan kommunikasjon. I løpet av berre seks år, og 500 millionar vener seinare, blir Mark Zuckerberg den yngste milliardæren i historia. Men for denne gründeren leier suksessen til både personlege og juridiske komplikasjonar.




## ELIAS OG JAKTEN PÅ HAVETS GULL

*Animasjon/Familiefilm  1 t. 17 min.  Alle*

Reprise. Bli med Elias på skattejakt. Elias oppdagar at det er bygd eit flunkande nytt fiskevær eit stykke nord for Lunvik. Polarhavna som det blir kalle, blir styrt hardt av den kjølege businessbåten sørfra; Polardronninga. Ho meiner at alt i havet høyrer til henne! Polardronninga sin assistent, mini-ubåten Duppe, blir motvillig tvinga til å spionere på Elias. Polardronninga har nemleg også høyrd om eit gamalt forlis med ein stor gullskatt som skal finnast i området. Kanskje Elias veit noko om det? Polardronninga nøyer seg ikkje berre med fisk i plana si om å bli den mektigaste langs hele kysten.




## PARANORMAL ACTIVITY 2

*Skrekkfilm  1 t. 31 min.  15 år*

Oppfølgjaren til ein av dei mest suksessfulle skrekkfilmane gjennom tidene. Etter å ha opplevd ei rekkje av det dei trur er innbrot, sett ein familie opp overvakningskamera over heile huset sitt. Det dei får sjå er handlingar som utfoldar seg som er mykje meir alvorlege enn det dei tidlegare hadde tenkt …
Sterkt angstframkallande og truverdig skrekkfilm av beste merke, og kanskje hakket kvassare enn den første filmen i serien.




## DUE DATE

*Komedie  1 t. 35 min.  11 år*

Vanvittig komedie i same stil som "Hangover". Downey (Iron Man) speler Peter Highman, ein vordande førstegongsfar med ei kone fem dagar frå termin. Peter stressar hardt for å nå ein flyavgang heim frå Atlanta for å være med på fødselen. Men alle gode intensjonar kollapsar når eit tilfeldig møte med den håpefulle skodespelaren Ethan Tremblay (Galifianakis) tvingar Peter til å haike med Ethan. Det skal bli ei reise tvers gjennom USA som vil resultere i ei rekkje smadra bilar, venskap og Peter sin siste flik av nervar.

Kultur rabatt



# Aktivitetar

**STORSTUÅ**
*5.2. Bygdakveld.*
Denne laurdagskvelden blir det underhaldning med lokale krefter frå tri kommunar. Vi har invitert med våre gode naboer Halsa og Rindal. Her blir det mykje vakker song og musikk, men også ei stor dose gapskratt.
Vi skal ikkje ramse opp alt og alle her, men på to akter meiner vi det blir noko for ein kvar smak.
Konferansier blir Nils Egeness, han gjorde som kjent braksuksess på Svarrabærjerevyen.

**FINSTUÅ**
*12.2. – 28.2. Kunstutstilling.*
Vintersyn er i år ei medlemsutstilling, der 13 av medlemmene i Surnadal Kunstforening bidrar med ulike kunstneriske uttrykk. Her vil både tekstilkunst, akryl, collage, olje og foto være representert.
Surnadal Kunstforening ønskjer alle velkomne til utstillingsopning i Galleri Finstuå laurdag 12. februar kl 13.
Utstillinga er open alle dagar og heng fram til søndag 27. februar.

**STORSTUÅ**
*14.2. KIN rock.*
Måndag 14.02 inviterer Kulturskulen på Indre Nordmøre til årets kulturskolerock i Storstuå. Vi får sjå og høyre kulturskolebanda "Trøkk", "Emergency", "Zplint", "Burn", "MILI", "The JoJo's" samt "RarJa" frå Rindal. I tillegg får vi for første gong besøk "utabøgdes" av to flotte band som er invitert frå Sunndal Kulturskole. Dei unge musikarane vil ta oss med på ei variert og spanande reise i rockens verden med musikk av mellom annea kjende band/artistar som Knutsen og Ludvigsen, Nirvana, The Beatles, Troggs, og De Lillos samt innslag av sjølvskreve songar. Temaet for årets rockekonsert er naturlegvis kjærleik, og alle banda kjem til å framføre minst en kjærleikssong kvar. Vi har gjort eit utvalg av nokon av dei mest legendariske kjærleikssongane rockehistoria har fostra. Møt opp å sjå gamle så vel som komande klassikarar bli framført av Surnadal-rockens framtidige stjerner!
Konserten er gratis.

**STORSTUÅ**
*16.2. Enron. Teatret Vårt.*
Denne forestillinga er den mest avanserte og teknisk krevande som har vore oppsett på Teatret Vårt! Vi er heldige som har vorte utplukka som vertskap, det er kun hus av vårt "kaliber" som får besøk!!
Teatret vårt skriv sjølv om stykket :
" London West End suksess til Møre og Romsdal !
ENRON er en storslått audiovisuell satire om en av historiens største finansskandaler. Stykket, som har gått for fulle hus i Londons West End, er en gnistrende teaterlek som avslører mekanismene bak den finanskrisen vi fremdeles kjenner etterdønningene av. Teatret Vårt har slått kreftene sammen med Rogaland Teater for å gi publikum en underholdende og tankevekkende helaften."

**STORSTUÅ**
*19.2. Klypa - "Laaangt over streken"*
Klypa inntek Storstuå på kulturhuset med sitt heilt nye show. Dette er det sjette showet i rekkja. Denne gongen har Kjellen prøvd seg på campinglivet, Palle gjer sitt beste for å få tilbake sertifikatet han mista og Strila-Petter har byrja som krabbefiskar. Tradisjonen tru går ikkje dette smertefritt føre seg. Som vanleg er livet og kvardagen ei stor utfordring for karakterane i Klypa.
Etter 19 månader med forrige show på kryss og tvers i Norge og meir enn 40.000 selde billettar er Klypagjengen klare med meir galskap. Klypa har fått ein stor tilhengjarskare rundt om i heile landet, noko som gjenspeglar dei 4 millionar nedlastingane på YouTube. Med det nye showet som har fått tittelen "Laaangt over streken" har Klypa som mål å nå ut til eit enda breiare publikum. Klypa har allereie selt ut 25 show sidan premiera i september! Du har ALDRI sett Kjellen, Palle og Strila-Petter i betre form. Så løp og kjøp, eller som Kjellen ville ha sagt det : "Her e me seint ute allereide!!!"

**STORSTUÅ**
*23.2. – 26.2. Russerevy.*
Russen skriver : "Årets revygjeng er ein super gjeng totalt utan hemningar som kommer til å ta publikum med storm. Vi er i fyr og flamme ! Navnet på årets russerevy gjenspeiler noe av det publikum vil få se, vi vil få møte noen lærere, et par gamlinger og kjente fra fjern og nær, og uten å røpe for mye kan vi kort si at det vil bli et fyrverkeri fra start til slutt."

BIBLIOTEKET

| Opningstider: | Måndag og Onsdag | 11.00- 19.00 |
|---|---|---|
| | Tysdag og Torsdag | 11.00 -16.00 |
| | Fredag | 11.00 -15.00 |
| | Laurdag | 11.00 -14.00 |

Heimeside: http://www.surnadal- folkebibliotek.no
Tlf. 71659301 • Fax. 71659302
E-post: biblioteket@surnadal.kommune.no

Todalen filial: Torsdag 18.00-20.00

# Idear og gode råd.

Vi er godt i gang med det nye året også her på kulturhuset. I februar går det slag i slag, det er tett på kalenderen. Det blir Bygdakveld, russerevy, kunstutstilling, rock, teater og humor med Klypa. Er det for mykje på ein månad, "slit" vi ut publikum, konkurrerer vi med oss sjølv? Dette er ting vi heile tida må tenkje på. Men skal det væra noko for ein kvar smak, er det lett at arrangementa kjem tett. Når vi i tillegg har erfart at på vår og sommar er ikkje publikumet så ivrige på arrangement inne, blir det haust og vinter vi må satsa på.

Dei eldre er ei stor gruppe vi gjerne skulle ha hatt fleire tilbud til, kanskje på dagtid, da dei fleste pensjonistane har fri da. Vi har allerede godt besøk på Eldre hjelper eldre og seniordansen, men har nokon ein god ide på fleire ting vi kan arrangera er vi svært ivrige på gode råd.
Vi kan skaffa underholdning både lokalt og nasjonalt.

Hausten er enno ganske åpen når det gjeld underhaldning, men allerede no må vi snart i gang med planlegginga. Vi tek i mot tips og gode råd med stor takk!!
Ikkje vær redd for å ta kontakt.

Karstein.



Snakk forsikring med oss som kjenner lokalmilj¿et.

VŒe autoriserte rŒdgivere tar gjerne en gjennomgang av forsikringsbehovet ditt.

GJENSIDIGE
Surnadal

Bes¿k oss i AMFI Surnadal
Tlf 03100
surnadal@gjensidige.no
www.surnadal-gjensidige.no

| | Dag | Dato | Kl | Forestilling | Sal | Alder | Tid | Dette skal eg på (Set X) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Veke 5** | Ons | 2 | 18.00 | Tron: Legacy | Kammerset | 7 | 2.05 | |
| | Ons | 2 | 20.30 | The Social Network | Kammerset | Alle | 2.01 | |
| | Fre | 4 | 18.00 | Tron: Legacy | Kammerset | 7 | 2.05 | |
| | Fre | 4 | 20.30 | The Social Network | Kammerset | Alle | 2.01 | |
| | **Laur** | **5** | **19.00** | **Bygdakveld** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Søn | 6 | 18.00 | Tron: Legacy | Kammerset | 7 | 2.05 | |
| | Søn | 6 | 20.30 | The Social Network | Kammerset | Alle | 2.01 | |
| **Veke 6** | Ons | 9 | 18.00 | Tron: Legacy | Kammerset | 7 | 2.05 | |
| | Ons | 9 | 20.30 | The Social Network | Kammerset | Alle | 2.01 | |
| | Fre | 11 | 18.00 | Elias og jakten på havets gull | Kammerset | Alle | 1.17 | |
| | Fre | 11 | 20.30 | Paranormal Activity 2 | Kammerset | 15 | 1.31 | |
| | **Laur** | **12** | **13.00** | **"Vintersyn" - Kunstutstilling** | **Finstuå** | **Alle** | | |
| | Søn | 13 | 18.00 | Elias og jakten på havets gull | Kammerset | Alle | 1.17 | |
| | Søn | 13 | 20.30 | Paranormal Activity 2 | Kammerset | 15 | 1.31 | |
| **Veke 7** | **Man** | **14** | **19.00** | **KIN-rock** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Ons | 16 | 18.00 | Elias og jakten på havets gull | Kammerset | Alle | 1.17 | |
| | **Ons** | **16** | **19.00** | **ENRON – Teatret Vårt** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Ons | 16 | 20.30 | Paranormal Activity 2 | Kammerset | 15 | 1.31 | |
| | Fre | 18 | 18.00 | Due Date | Kammerset | 11 | 1.35 | |
| | Fre | 18 | 20.30 | Due Date | Kammerset | 11 | 1.35 | |
| | **Laur** | **19** | **21.00** | **Klypa: "Laaangt over streken"** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Søn | 20 | 18.00 | Due Date | Kammerset | 11 | 1.35 | |
| | Søn | 20 | 20.30 | Due Date | Kammerset | 11 | 1.35 | |
| **Veke 8** | Ons | 23 | 18.00 | Due Date | Kammerset | 11 | 1.35 | |
| | **Ons** | **23** | **19.00** | **Surnadalsrussen står i brann** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Ons | 23 | 20.30 | Due Date | Kammerset | 11 | 1.35 | |
| | **Tor** | **24** | **19.00** | **Surnadalsrussen står i brann** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Fre | 25 | 18.00 | (filmen vil bli annonsert seinare) | Kammerset | | | |
| | **Fre** | **25** | **19.00** | **Surnadalsrussen står i brann** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Fre | 25 | 20.30 | (filmen vil bli annonsert seinare) | Kammerset | | | |
| | **Laur** | **26** | **19.00** | **Surnadalsrussen står i brann** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Søn | 27 | 18.00 | (filmen vil bli annonsert seinare) | Kammerset | | | |
| | Søn | 27 | 20.30 | (filmen vil bli annonsert seinare) | Kammerset | | | |

## *Mykje å gle seg til*

| | |
|---|---|
| **12.3.** | **Barnas Kulturhusdag** |
| **24.3.** | **"Give me 5" m/Frode Alnæs** |
| **27.3.** | **Bjørn Eidsvåg m/band. "Rundt neste sving"** |
| **1.4.** | **Unni Boksasp Ensemble.** |

# Ut ein tur?



**Horisonten Restaurant**

Måndag – torsdag:
Lunsj: 11.00-14.00
A la carte: 18.00-22.00

Fredag:
Lunsj: 11.00-14.00

Laurdag:
Lunsj: 11.30-14.30
A la carte: 18.00-22.00

Søndag:
A la carte: 14.00-19.00

**Musters Pub:**
Måndag – torsdag: 18.00-24.00
Fredag: 16.00-02.00
Laurdag: 13.00-24.00
Søndag: 16.00-22.00

Kjøkkenet stenger kl 22.00 måndag-laurdag.
Kjøkkenet stenger kl 19.00 på søndag.
18-års aldersgrense fredag.
20-års aldersgrense laurdag.

Orkla Grafiske as / ☎ 72 48 23 20 / www.orklagrafiske.no